

Hallo i nedslagsfeltet!

No er sumaren endeleg komen – eller han skal i alle fall vere det. Eg må seie at ni grader, regn og skodde ikkje er noko særleg bra sumarteikn. No er eg på Brunstad, og eg hadde i grunn tenkt meg litt betre vêr. Hadde hatt lyst å gå litt fleire lengre turar, men når vêret ikkje tillèt det, får ein gjere det beste ut av det.

I alle fall, fredag kveld gjekk eg, Solveig og to andre frå Vestborg vgs som heiter Astrid og Johanne, opp på Kølen for å overnatte! Det var fyrste gongen eg var i nye-hytta, og eg vart veldig imponert. Hytta var i topp stand, bra utstyrt og samtidig veldig fin. Det einaste vi ikkje fann var kortstokk, hehe. Vi kosa oss med yatzy, godteri og god turmat.

Vi hadde egentleg tenkt oss på Holetindane også, men sidan skodda var nokså tjukk gjorde vi ikkje det. Gjennom heile turen veksla vêret mellom regn, sol, skodde og opplett. Men alt i alt ein kjempekoseleg tur!








Elles so har laget vårt vore på cup i Danmark! Vi var i Hirtshals, og cupen heitte Slagter Winther Cup. Uheldigvis måtte vi ta danskebåten 17. mai, men vi fekk likevel med oss vel halve nasjonaldagen.

Vi enda opp med ein siger, ein uavgjort og to tap. Men det var absolutt ikkje store verken tap eller singlar! Alle i klassa vår var veldig jamngode, so eigentleg

hadde alle like stor sjanse til å vinne. Vi kom på fjerde plass, men kunne like godt ha kome på andre eller kanskje til og med vunne. Likevel trur eg alle var fornøgd med sin eigen innsats, for vi hadde nokre veldig gode kampar under opphaldet.



No er vi endeleg ferdig med det verste på skulen også, og om litt meir enn ei veke dreg eg, Ingrid, mamma og nokre andre til Barcelona! Det blir sikkert kjempekjekt! Etter det skal vi mest sannsynleg gå tur i Jotunheimen, på Hardangervidda eller noko liknande. Og so skal vi til Velledalen! Vi har planlagt litt av kvart, blant anna Skåla opp og Eggenipa opp ☺ Eg gler meg!

Mi personlege form på ein skala frå 1-10 er i skrivande stund vurdert til:

8,3

- Andrea